

## Møtereferat 2010/2011

---

**Møtedag:** Mandag 30. mai 2011

**Program:** Rotaryåret 2011 - 2012 v/ Kommande President Lornts

Letnes Fyrst ein liten oppsummering frå Skytekonkurransen mellom Gol og Nesbyen den 23.5.-2011: Gol VANN IGJEN! Snitt på 91,2 pr.spiller og 96 poeng i pluss. Pokalen har gått i 18 år . Gol har hatt 15 napp og Nesbyen 3. Rotaryåret 2011-2012 har flg. motto: " Reach Within to Embrace Humanity ". RI-President er Kalyan Banerjee , frå India. Dette Rotary-året skal vektlegge tre områder i vår Rotary-service: - Å styrke våre familier - Å fortsette å gjøre det vi gjør best - Å forandre det som behøver forandring Lornts presenterte også et foreløbig budsjett for " sitt" år , og fordelte komiteene.

Randi Skredegård

Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 09. mai 2011

**Program:** Kommuneplan 2011-2013

Besøk frå Gol Kommune denne kvelden , v/ avdelingsleiar i Utbyggingsavdelinga Hanne Cecilie Nes.

Ein interessant gjennomgang av kommuneplan for Gol , minus Sentrum. Me fekk utdelt kart , og Hanne svarte velvillig på alle spørsmål .

Som ein avslutning på møtet , kunne President Reidar Sviggum avsløre mysteriet om lysestaken som var funne i heimen etter eit Rotarymedlem i Hawick Rotary Club: Datter av tidlegare medlem i Gol Rotary , Asle Hesla , Sara Hesla , var på ungdomsutveksling i Hawick i 1967. Ho budde hjå Fml. Holland , som dei fann staken hjå. Lysestaken var ei gåve frå Gol Rotary ,som ein takk for at ho fekk bu hjå dei.

Randi Skredegård

Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 11. april 2011

**Program:** Besøk av årets RYLA representant

17.-20.3.-11 var Anette Magnussen frå Gol vår utsending til RYLA 2011. I alt var der 40 deltakarar . Som dei andre utsendingane har gjort før , var ho på besøk hjå oss for å fortelje om sine erfaringar frå samlingen.

Anette har berre gode erfaringar frå samlingen. Spesielt trekte ho fram dyktige foredragsholdarar , som f.eks. Johan J. Andresen jr. Hans emne var Sosialt Entreprenørskap. Samlingen foregjekk på Sundvollen Hotell , og vertskapet der hadde også eit flott foredrag om bedriften sin "Frå Skysstasjon til Hotell " .

Deltakarane jobba i grupper , og fekk bl.a. i oppdrag å koma med nye forretningsidear. Eks. på dette var "Skuleuniformar" og " Skolemat " .

Det er hyggeleg å kunne sende slike positive representantar frå Gol Rotary. No skal me finne ein ny for 2012 , og er glade for alle gode forslag.

Randi Skredegård

Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 28. mars 2011

**Program:** Ares Turbine as v/ Ole Bjørn Kleven

Ole Bjørn Kleven , forøvrig son til tidlegare lensmann på Gol , starta foredraget sitt med eit frisk utsagn: " VI HAR en oppfinnelse som kan løse verdens energi og klimaproblem " . Ole Bjørn Kleven , dagleg leiar og oppfinner , har jobba med og teke verdenspatent på ein turbin som skal løyse desse utfordringane. Han har allerde jobba med prosjektet i 6 år. Tidlegare har han drive fiskeoppdrett i Canada og starta i si tid Hallingdal Trepellets - begge ganger. Turbinen er ein teknisk løysning som gjer det mogleg å bruke energikilder som biomasse og søppel , istedenfor olje og kull til energiproduksjon. Dette skal kunne redusere dei samla CO2 utsleppa i verda. Me fekk sjå film av turbinen "i arbeid" , og Kleven gav oss ein god innføring i bruk og konsekvens av bruk av denne turbinen. Frustrasjonen til selskapet er at interessa for slike prosjekt er laber hjå myndighetane . Noreg har for gode innteker av gass og olje ENNO , og det er vanskeleg å innsjå at oljen snart er på retur.

Randi Skredegård

Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 14. februar 2011

**Program:** Bedriftsbesøk VINN AS

Gunn Marit Arnegard(daglig leder) og Solbjørg Bergum(nestleder) tok i mot oss. Vi fikk først en orientering om bedriften v/ Arnegard. Bedriften var 20 år i 2009 , og har vokst fra å være en "vernet bedrift" for 20 psykisk utviklingshemmede til en ledende bedrift innen tilrettelagt arbeid og arbeidsrelatert opplæring i Hallingdal.

Hovedoppgaven er å drive arbeidsutprøving og yte bistand slik at personer med ulike behov kan få og beholde en jobb. VINN er samtidig en profesjonell leverandør av produkter og tjenester til offentlige og private virksomheter. Etter orienteringen , fikk vi en omvisning i bedriften.

Randi Skredegård  
Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 31. januar 2011

**Program:** Steinar Medhus - Egoforedrag .Avlyst.

Istedenfor brukte vi tiden til å finne ut av et lite mysterium: Reidar Sviggum(President 2010/2011) har mottatt et brev fra Secretary of Hawick Rotary Club in the Scottish Borders in Scotland. District 1020. I forbindelse med ombygging av et hus , tidligere eid av Dennis Park - past President - ble det funnet en messing lysestake med flg . inskripsjon: " Hawick Rotary 1967 .Regards Gol Rotary Club" Hawick vil gjerne finne ut hvordan de har fått denne gaven , om noen fra Hawick har vært på Gol i forbindelse med at Gol RC ble chartered nettopp i 1967. Som han skriver: " Please help us solve this mystery". Da Reidar presenterte dette brevet for oss på møtet , reagerte Gunnar "Gullik" Gulliksen umiddelbart. Gunnar har vært medlem siden 1967 , og mente ganske sikkert at han har liggende hjemme et bilde av Hawick RC. Gunnar reiste hjem og hentet bildet , og ganske riktig : 16 medlemmer og 27 signaturer fra Hawick RC anno 1967. Innrammet av Bridge Street , Hawick. Reidar har i ettertid sendt svar til klubben , og vedlagt dette bildet. Samtidig har han bedt de sende et bilde av denne lysestaken til oss. Det er store muligheter for at det er Gunnar "Gullik" , som er gullsmed av profesjon , som har levert denne lysestaken med inngravering , til dette formålet . Vi venter nå i spenning på fortsettelsen av denne historien.....

Randi Skredegård  
Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 24. januar 2011

**Program:**Økonomi v/ Adm.banksjef Knut Oscar Flæten i Sparebank 1 , Hallingdal.

Flæten gav oss sine "spådommer" for de økonomiske utsiktene i nærmeste år: "Positiv trend , men sakte oppover.." "Moderat vekstoppang. Om 1 år er renteøkning i gang i Norge. Vi skal berge oss , sakte men sikkert!"

Randi Skredegård  
Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 03. januar 2011

**Program:** Besøk av Marianne Rustberggard , som gav oss en innføring i sin studentpolitiske CV

Var Gol Rotary's kandidat til RYLA 2006 , og benyttet anledningen til å takke for en god erfaring derifra.

Marianne startet på sin juristutdannelse i 2007 , og regner med å være ferdig utdannet jurist i år(2011). Marianne er aktiv på lederplan i Studentsamskipnaden i Oslo(SIO) , og gav oss en grundig orientering om SIO .

Randi Skredegård  
Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 13. desember 2010

**Program:** Emne: Kommunalt nytt v/ Rådmann Hege Mørck

Dagens temaer:

- Ungdomsrådet for Hallingdal
- Budsjettet
- Effektivitetstiltak for å forberede bygging av ny skule.
- Skatteinngang
- Eigedomsskatt(igjen)

Randi Skredegård  
Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 06. desember 2010

Frammøtte:17

**Program:** Emne:Sosiale Medier v Håkon Bøygard

Sosiale medier er meir enn Facebook , som kanskje er den best kjende her i Norge. Sosiale medier er brukerstyrte medier. Eks: Face Book , Twitter , You Tube , Wikipedia , My Space , Linkedin , Flickr. Linkedin er næringslivets svar på Facebook. Der er også Rotary. Håkon gav oss ein lettfaata orientering om dei forskjellige nettstadene samt fordelar og ulemper med bruk av sosiale medier. Foredraget vart avslutta med ein god diskusjon i plenum .

Det er også å nemne at medlemsbladet vårt , nr.7- 2010 har "A ROTARIANS GUIDE TO SOCIAL MEDIA", som er verdt å studere.

Randi Skredegård

Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 18. oktober 2010

Frammøtte:18

**Program:** Emne: ÅRSMØTE

Leder: Ove Thorshaug(past) 2 undertegnere: Ove Thorshaug og Kai Hansen

Årsberetning for 2009 / 2010 delt ut, og lest opp.

Resultatregnskapet gjennomgått(1.7.2009 - 30.6.6 2009) Godkjent!

Neste sak var kontigent for neste år, 2010 /2 011. Forslag: Styret gir forslag til å øke kontigenten med inntil kr. 100.- Vedtatt!

Så var det Valkomiteen v/ Birger Rustberggard sin tur: På valg for 2012/2013 er President(elect) ,kasserer og revisor.

Forslag frå Valkomiteen : President Elect : Jan Ove Wøllo Kasserer: Ola Husum Smeby(gjenvalg) Revisor: Jan Ove Wøllo / Wøllo Regnskapskontor as.(gjenvalg)

Årsmøtet godkjende forslaga.

Valkomite 2010 / 2011 blir: Guttorm Frøysok(leder) , Ove Thorshaug og Reidar Sviggum.

Randi Skredegård

Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 04. oktober 2010

Frammøtte:15

**Program:** Emne: VASSFARET V/Magne Akervold

Magne Akervold har , saman med broren , nyleg gjeve ut bok om Vassfaret- på oppdrag frå Olav Thon. Han er vel den som kjenner Vassfaret's historie best . Me fekk vera med på ei reise i ein skog - og fjelldal på ca.250.000 dekar. Fyrst ein lysbiletframvisning med fantastiske bilete frå Vassfaret , før han tok for seg historia til dalen. 8 vatn er det i dalen, 12 gardar og 25 setrar har det vore der. Skogsdrift har vore og er ei viktig næring i Vassfaret. Me fekk bl.a.høyre den utrulege historia omlivet til Berte Skrukkefullhaugen . Det var fleire av oss som både vil kjøpe boka , og ikkje minst gjera oss meir kjende med dette dalføret , som ligg "rett rundt hjørnet". Stor takk til Akervold. Referent : Randi Skredegård

Randi Skredegård

Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 27. september 2010

Frammøtte:18 + 1 gjest

**Program:** Emne: GUVERNØRBESØK

Guvernør for Distrikt 2310 , 2010/2011 er Harald Bjørge . Bjørge er født og oppvaksen på Nesbyen .

Yrkesbakgrunn er Forsvaret. Sidan 2001 har han vore medlem i Hønefoss Øst RK. Før medlemsmøtet hadde han møte med styret , og uttalte på det påflg. medlemsmøtet at Gol RK er ein godt administrert klubb. Spesielt har han lagt merke til at me har ei god heimeside. Bjørge fortalde bl.a. om RI President Ray Klingensmith's visjoner for dette Rotary-året. Hans motto er " BUILDING COMMUNITIES - BRIDGING CONTINENTS " Bjørge var interessert og inspirerende å lytte til , ei fin vitamininnsprøytning for klubben.

Randi Skredegård

Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 06. september 2010

Frammøtte:14

**Program:** Besøk av utvekslingsstudent Torunn Golberg

Torunn har vore i Argentina , i ein liten by som heiter San Salvador de Jujuy, forøvrig distrikt 4835 i Rotarysamanheng.

Hennar familie bestod av mor og far og 3 born(8,12 og 18 år)samt bestefar. Byen deira ligg heilt nord i Argentina, på grensa mot Brasil og Bolivia. Både mor og far jobbar svært mykje , og heimen har hushjelp. Hovedsysselsetting i distriktet er salt-og mineralutvinning og mykje heimeindustri(handverk av ull frå lama). Torunn har gått på teknisk skule den 1.halvåret , og på vanleg skule den siste bolken.Språket er spansk.Det kunne ho ikkje frå før , så det vart ein skikkeleg utfordring.Engelsk er ikkje eit alternativ. Den tekniske skuledagen var frå 14.-19.00. Den vanlege skuledagen var frå 7.30-16.00. Hovedmåltidet i døgnet er lunchen , som gjerne varar frå 13.-16.00 . Då får dei ferdig tillaga varm mat , som hushjelpa har stått for. Arbeidsdagen for folk flest er gjerne til både kl.21. og 22.00 .

Torunn fekk reisa mykje rundt om i landet dette året , og har hatt mange fantastiske naturopplevingar , som f.eks.Iguaso Falls som ligg i 3 land;Brasil ,Argentina og Paraguay. Ho benytta anledningen til å kjøpe med seg heim typiske produkt frå landet , som ho viste fram på møtet i dag. Torun avslutta med å takke klubben for at ho fekk denne opplevelsen i livet , og gledar seg over mange nye venner frå dette året. Ho overrekte ei flott gåve til klubben , eit kunstbilete frå Argentina. Me gledar oss over å ha hatt nok ein flott representant for Gol Rotary på utveksling.

Randi Skredegård  
Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 23. august 2010.

Frammøtte: 21

**Program:** Besøk av Bjørn Skaret frå Ustekveikja AS, som orienterte om bedriften sin og litt om strømsituasjonen framover. Skaret orienterte fyrst litt om bedriften Ustekveikja: Etablert 1992 .10 ansatte. Siste årsumsetning har passert 100 mill.Landsdekkende strømløyper , heileigd av Hol Kommune.Sel kraft til kundar og forvaltar kraft for kommunar og kraftverk. Me fekk ein grei oversikt over kva som bestemmer kraftprisane , forskjellen mellom fastpris og spot samt ein liten spådom over kvar framtidige straumprisar kan bli.

Randi Skredegård  
Referent.

---

**Møtedag:** Mandag 16. august 2010.

Frammøtte:19

**Program:** Programfri

1.ordinære møte etter ferien. Arnfinn Rustberggard har passert dei 60 , og fekk overrekt gåve frå Klubben -den praktfulle vinholderen i tinn ,med inskripsjon. Me gratulerer , og ynskjer alt godt for framtida ! Klubbens gåve etter kunstlotteriet , skal vera bilete frå Gamle Gol til Gol Helsetun. Verdi kr.15000.-

**Gjester:**

Randi Skredegård  
Referent.

---